



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Grete Riise, 5557 2230

Vår dato
29.11.2013
Dykkar dato
11.10.2013

Vår referanse
2013/13223 730
Dykkar referanse
13/4111

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Høringsfråsegn til forslag til en ny forskrift om bevilling for tobakkssalg

Fylkesmannen i Hordaland har fått forslag til ny forskrift om bevilling for sal av tobakksvarer på høyring. Hovudformålet med bevilingsordninga er å sikre at mindreårige ikkje får kjøpe tobakk.

Fylkesmannen er skeptisk til den nye forskrifta, då ho pålegg utsalsstadene for tobakk eit stort byråkrati utan at det er dokumentert at dette vil minske salet av tobakksvarer til mindreårige. Det viktigaste tiltaket på utsalsstadene er å sjekke aldersbevis ved sal av tobakksvarer, noko som bør kunne utførast utan at ein set i verk eit omfattande kontrollapparat med mellom anna krav om gjennomført kunnskapsprøve.

Fylkesmannen meiner at andre tiltak vil vere meir hensiktsmessige for å hindre rekruttering av unge røykarar. Forbod mot røyking på utestader og serveringsplassar har medverka til ein betydeleg nedgang i talet på røykarar i Noreg. Framover bør ein framfor omfattande kontrollordningar knytt til sal, heller satse på fleire røykfrie arenaer. Nokre av nabolanda våre har innført totalforbod mot røyking på hotell og forbod mot røyking på haldeplassar for kollektivtransport. Andre forslag er forbod mot røyking på idrettsarrangement og utandørs konsertar/festivalar. Slike tiltak vil gjøre røyking mindre attraktivt og slik kunne bidra til færre unge røykarar.

Med helsing

Helga Arianson e.f.
fylkeslege

Inger Marie Fosse
assisterande fylkeslege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.